

KOMMISJONSAVGJERD

2016/EØS/65/41

av 9. november 2010

om endring av vedtak 97/555/EF om framgangsmåten for samsvarsattestering av byggjeverer i medhald av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF, med omsyn til sement, byggjekalk og andre hydrauliske bindemiddel*[meld under nummeret K(2010) 7603]*

(2010/683/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 89/106/EØF av 21. desember 1988 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om byggevarer⁽¹⁾, særleg artikkel 13 nr. 4 bokstav a),

etter samråd med Det faste byggeutvalet og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Kommisjonen har gjort vedtak 97/555/EF av 14. juli 1997 om framgangsmåten for samsvarsattestering av byggjeverer i medhald av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF, med omsyn til sement, byggjekalk og andre hydrauliske bindemiddel⁽²⁾.
- 2) Som følge av ei vurdering av varegruppa «byggjekalk» har medlemsstatane og Kommisjonen rekna det som

naudsynt å styrkje den rolla som tredjemann har i sertifiseringa av produksjonskontrollen ved fabrikkene.

- 3) Vedtak 97/555/EF bør difor endrast —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Vedlegg III til vedtak 97/555/EF vert endra i samsvar med vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 9. november 2010.

For Kommisjonen

Antonio TAJANI

Visepresident

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 293 av 11.11.2010, s. 60, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 98/2015 av 30. april 2015 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 42 av 4.8.2016, s. 37.

⁽¹⁾ TEF L 40 av 11.2.1989, s. 12.

⁽²⁾ TEF L 229 av 20.8.1997, s. 9.

VEDLEGG

I vedlegg III til vedtak 97/555/EF vert oppføringa for varegruppa «Byggjekalk, medrekna kalsiumkalk, dolomittkalk, hydraulisk kalk» bytt ut med følgjande:

«Byggjekalk, medrekna: — Kalsiumkalk — Dolomittkalk — Hydraulisk kalk		—	2 +»
--	--	---	------